

Økonomiplan 2019-2022

Sauda kommune



Budsjettsamarbeid:



Føresetnader

Det er formannskapetets innstilling som ligg til grunn for dette forslaget. Alle endringar i tal er ut i frå denne innstillinga.

Økonomiplan og budsjett 2019-2022 for Sauda kommune satsar på dei unge. Tidleg innsats vil gi kommunen robuste barn og unge. Dette er ei god investering for framtida og vil gi kommunen økonomisk gevinst med reduserte tiltak på denne gruppa seinare i livet. Gode barnehagar, Skular og kulturtilbod er og viktig for å rekruttera nye innbyggerar til kommunen.

Økonomiplanen legg opp til eit historisk satsing på næringsutvikling. Eit svært viktig arbeid for å auka folketal og aktivitet i kommunen.

Budsjettsamarbeidet legg og opp til å redusera nedrekking i Helse og Omsorg mykje. Me skal ivareta våre tilsette og brukarar i helsesektoren. Og økonomiplanen legg opp til auka kapasitet og nye lokaler til fleire i helse og omsorg.

Forlik på stortinget om statsbudsjettet 2019

Budsjettforliket mellom regjeringspartia og KrF peikar på at det skal bli meir pengar til kommunane i 2019 enn det statsbudsjettframlegget først la til grunn. Her er nokre døme frå forliket (med tal i millionar kr for heile landet) som kan ha betydning for Sauda kommune:

Redusert innslagspunkt ressurskrevende tjenester	325,0
Økt bemanning i helsestasjon og skolehelsetjenesten	100,0
Tilskot til klimatiltak og klimatilpasning, Klimasats	50,0
Tilskudd til veterinærdekning	30,0
Tilskudd til bredbånd i distriktene	100,0
Bemanningsnorm barnehage	160,0
Øremerking av midler til lærernormen, midler 2019	285,0

Partia estimerer statsbudsjettforliket til å utgjere 600 000 kr meir for Sauda kommune enn det formannskapetet la opp til i si innstilling. Innretninga for å finansiera bemanningsnorm i barnehage og skule gjer at Sauda, som oppfyller normkrava kjem svært dårleg ut. Slik det ser ut vil Sauda måtte vera med å finansiera kommunar som ikkje oppfyller normkrav då mykje av desse midlane blir tatt frå ramma til kommunane og øyremerkt kommunar som ikkje oppfyller normkrava.

Eigedomskatt på kraftverk 2019

Kommunen fekk ikkje grunnlag for utskriving av eigedomskatt på kraftverk frå Sentralskattekontoret for Storbedrifter før 7.12.18. Denne viser at eigedomskattgrunnlaget på kraftverk er 405 466 kr høgare enn det rådmannen estimerte i sitt budsjett.

Verbalforslag

12. Kommunestyret ønsker større tilgang til ungdomsklubben på Folkets Hus for vidaregåande skule sine elevar i tillegg til det som er organisert for ungdomsskulen. Kommunestyret ber rådmannen komma med ein plan for vidare utvikling av ungdomsklubben.
13. Kommunestyret ber om at det i økonomiplanen for 2020 kjem fram informasjon om arbeidet med ungdomsarbeid og kva ressursbruk som er sett av til dette.

14. Kommunestyret ber rådmannen leggja fram ein strategi for satsing på velferdsteknologi i eldreomsorga.
15. Kommunestyret ønsker å støtte Saudadagane med same beløp som Sauda Sentrumsutvikling, 50 000 i 2019.
16. Veterinær – Driftstilskot aukast til 150 000.
17. Ryfylkemuseet – Driftstilskot aukast til 150 000.
18. Investeringsplanen legg opp til store investeringar i 2020, og mindre investeringar i 2021 og 2022. Kommunestyret ber rådmannen leggja fram ein meir balansert investeringsplan i arbeidet med økonomiplan for 2020.
19. Kommunestyret vedtek vedlagte endringar i investeringsbudsjettet.
20. Rådmannens overordna styringskort - Under perspektiv medarbeidere med hovedmål «En profesjonell og attraktiv arbeidsgiver» legges det til eit nytt punkt 3: 2019: Det gjennomføres medarbeidersamtaler med alle ansatte. 2020-2022: Medarbeidertilfredshet kartlegges gjennom medarbeidersamtaler og –kartlegginger.
21. Faglig Stab og støtte har ikkje styringskort. Rådmannen bes utarbeide styringskort for «Faglig Stab og støtte» og legge dette fram for kommunestyret.
22. Styringskort Helse og Omsorg - Organisering, teknologi og arbeidsmåter endres teksten om barnevern til: - Indre Ryfylke barnevern gis særlig prioritet for å forbedre resultater presentert i kommunebarometeret. Barnevernsleiar er svært viktig å få på plass. Dette for å forbedre og videreutvikle det interkommunale samarbeidet.
23. Netto driftsramme i styringskort på kommunalsjefnivå oppdaterast med korrekte tal frå kommunestyrevedtaket.

Endringar i rammer driftbudsjettet:

Forklaring	Endring	Ny sum
Drifttilskudd Saudadagane 2019	Ny	50 000
Næring og Samfunn	+50 000	56 571 439
Helse og omsorg	+1 222 066	169 535 066
Drifttilskudd Ryfylkemuseet	+50 000	150 000
Oppvekst og Kultur	-300 000	96 801 000
Drifttilskudd veterinær	+33 400	150 000
Fagleg stab og støtte	+33 400	27 482 433
Inndekning		
Auka ramme etter forlik regjeringa/KrF statsbudsjettet		- 600 000
Auka inntekter på eigedomskatt på kraftverk		- 405 466

Endringer i investeringsbudsjett og plan:

Nr:	Beskrivelse av prosjekt	Pri	Type	2019	2020	2021	2022
B20	Stasjon 1	1	Bygg		7 000 000		
B21	Meiroke bibliotek	3	Bygg	291 000			
E3	Vei / Asfaltering	1	Vei	1 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
E7	Fullføre fortau Fløgstadvegen ved kirka	2	Vei		700000		
E12	Metodisten asfaltering / lys /ladestasjon	2	Vei	2 000 000			
E13	Tursti / Skolevei belysning		Vei	100 000	700 000		
E14	Mur, trapp og gjerde	2	Vei		1 000 000		
E16	Bru Søndenaia - Lillebekk	2	Vei		2 500 000	2 500 000	
E19	Gatelys Hellandsbygg	3	Vei	2 000 000			
E20	Asfalt Linjekryss - Øverland	2	Vei		1 500 000		
F8	Robotgressklipper 3 stk.	3	Park	120 000			
F9	Uteområde Rustå Barnehage	3	Park	400 000			
H5	Swimtag, armbånd m/aktivitetstrening	2	Bygg		350 000	350 000	
	Endring			-3 639 000	+7 450 000	+2 209 000	+2 000 000
	Sum andre investeringer			42 691 000	65 105 000	31 350 000	19 900 000
	Sum investeringer totalt			82 691 000	120 105 000	61 350 000	49 900 000